

Mannen på plass i Mannen

19.05.2011



**Det går mot sommar og dei tradisjonelle teikna i naturen
passerar revy og utløyser kommentarar - og faktisk også
debatt. Gåso i Nåso er eitt tema, men ho har ikkje flaksa seg
på plass førebels.
Men Mannen i Mannen er der han skal vera
på denne tida av året.**

For det var jo slik diskusjonen her i nettavisa enda i fjar:
Det skal heita Mannen i Mannen!

Snøfonna som er så gjenstridig har alltid heitt Mannen i dei sentrale delane av bygda, medan folk på Eik og Steinsletta gjerne kalla ho Skjortefonna, vart det sagt og skreve.
Likskapen med ein mann er klår nok og burde vel ikkje vera noko diskusjonstema?

Ankleis er det med namnet på fjellet - skal det heita Manen eller Mannen?
I fjar påpeika Torfinn Myklebust at Mannen var det vanlege, gamle namnet som er nyttta i dei fleste kjelder og også på kart.

Så dermed bør det vel ikkje vera tvil. Eller?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen